

MØTEINNKALLING

Utval: **FORMANNSKAPET**
Møtestad: **Formannskapssalen**
Møtedato: **07.05.2009** Tid: **11.30**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
27/09	09/109	Reguleringsendring - Gnr.24 bnr.219
28/09	09/278	Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Skjeljaviki - Fatlaviki - mindre vesentleg endring
29/09	09/283	Orienteringar

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Reguleringsendring - Gnr.24 bnr.219

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/109

Arkiv: MTR 24/219

Sak nr.: Utval
27/09 Formannskapet

Møtedato
07.05.2009

TILRÅDING:

Formannskapet rår til at planutkastet vert endra på fylgjande punkt:

- **Fellesområde parkering mot Njøsavegen vert delt mellom parkering for bustadene og naudsynt parkering for butikklokalet. I dette området skal det òg setjast av areal til felles leikeareal for barn.**
- **Arealet for Bustader 2 aust i planområdet går ut.**

DOKUMENT:

- F-sak 14/09
- Planutkast av 02.04.09 frå Hafslo Bygg Service (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Formannskapet handsama i sak 14/09 i møte 17.03.09 søknad frå Hermansverk Invest AS om omdisponering av 1.etasje i kontorbygget frå forretning til bustader. Formannskapet gjorde slikt vedtak:

”Formannskapet finn ikkje grunnlag for å handsama saka med det søknadsmaterialet som ligg føre.

Tiltakshavar vert beden om å sjå heile eigedomen under eitt med ein ny oppdatert reguleringsplan.”

Tiltakshavarane har fått Hafslo Bygg Service til å laga eit planutkast av 02.04.09 for heile eigedommen.

Formannskapet var på synfaring 28.04.09 og fekk orientering frå tiltakshavarane.

Etter §30 i Plan- og bygningslova bør private som ynskjer å utarbeida reguleringsplan før planlegginga vert sett i gang leggja reguleringsørsmålet fram for det faste utvalet for plansaker (formannskapet). Formannskapet kan gi råd om planen bør utarbeidast og kan gi råd i planarbeidet.

Framlegget til arealdelen i kommuneplanen viser den same arealdisponeringa som i reguleringsendringa som vart godkjend 01.02.07, der det vart godkjend ein 2 .etasje på kontorbygget til bustadføremål. Denne utbygginga er no ferdig.

I det nye utkastet har felles leikeområde for bustadene i 2.etasjen fått ei anna utforming i tråd med slik det er opparbeidd. Det gamle lagerbygget skal nyttast til næringsområde, butikk og lager. Butikkarealet skal ha tilkomst frå Njøsavegen, felles med dei nye bustadene i 1.etasjen. Lagerområdet skal ha tilkomst frå Dalsvegen. Den store asfalterte plassen mot Njøsavegen er i utkastet vist som felles parkering for dei nye bustadene og næringsområdet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Skjeljaviki - Fatlaviki - mindre vesentleg endring

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/278

Arkiv: L12 &21

Sak nr.: Utval
28/09 Formannskapet

Møtedato
07.05.2009

TILRÅDING:

Leikanger formannskap godkjenner ny avkøyrsløse til rv.55 i samsvar med brev frå Statens vegvesen av 27.04.09 som ei mindre vesentleg endring i reguleringsplanen for gang- og sykkelveg Skjeljaviki – Fatlaviki.

**§12 i reguleringsføresegnene vert endra til:
Området er avsett til parkeringsplass.**

DOKUMENT:

- Reguleringsplan, godkjent 21.06.07.
- Brev av 27.04.09 frå Statens vegvesen m/situasjonsplan (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Det har vore drøftingar mellom Statens vegvesen og Leikanger kommune om tidlegare riggplass for Fatlatunnelen kan nyttast til utfartsparkering. Området er planert med grusdekke.

I reguleringsplanen for gang- og sykkelvegen Skjeljaviki – Fatlaviki er området regulert til kombinert føremål: Riggområde/jord- og skogbruk, med krav om at området skal først attende til landbruk etter at bruken som riggområdet er avslutta. Statens vegvesen har kjøpt område hjå grunneigaren, tidlegare Statens Forsøksgard Njøs. Det vart gitt mellombels avkøyrsløse til rv.55 i anleggsperioden.

Statens vegvesen som vegstyresmakt har no vurdert ny avkøyrsløse til området med sikte på endra bruk til utfartsparkering. Dei har på vilkår ikkje merknader til at kommunen som planstyresmakt opnar for ny avkøyrsløse og bruk av arealet som parkeringsplass.

I framlegget til ny arealdel i kommuneplanen er området lagt inn som parkering til utfartsområdet, eventuelt i kombinasjon med området for motorsport. Dersom dette siste skal verta aktuelt må det utarbeidast ny reguleringsplan for området.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen ser tiltaket som eit positivt samarbeidstiltak mellom Statens vegvesen og kommunen. Det vil seinare vert lagt fram til politisk handsaming driftsavtale mellom dei to partane.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 09/283

Arkiv:

Sak nr.: Utval
29/09 Formannskapet

Møtedato
07.05.2009

TEMA:

- **KS-K rapport 2 – 2009 vedk analyse av Leikanger kommune sin ressursbruk. (Vedlagt saman med saksdok til kommunestyret 07.05.2009)**
- **Evt resultat frå forhandlingsmøte med Sognekraft AS vedk utbyggingsavtale i tilknytnad til konsesjonssøknaden for Leikanger kraftverk**